



Møtebok

Tidspunkt: Måndag 13.06.22 – kl 18:00

Stad: Banken

Innkalla: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Heine Eikemo og Randi Legård.

Forfall: Håkon Småbrekke, Heine Eikemo (vara)

Andre til stades på møte: 0

Referent og sakshandsamar: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 33/22: Meldingssaker

Sak 34/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte

Sak 35/22: Langtidsleige av stølshus

Sak 36/22: Søknadar om støtte

Sak 37/22: Innspel til styremøte i FHas

Sak 38/22: Revidering fiskereglar – Røldal Statsallmenning

Sak 39/22: Godkjenning av driftsplan for fisket i Hardangervidda NP

Sak 40/22: Uttale - uttak av platemateriell og plassering av aluminiumsrøyr

Sak 33/22: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2022.05.23 INN - Røldal Fjellstyre Tildelingsbrev - Sparebankstiftinga Hardanger
- 2022.05.24 UT – Innanbygds – «Høyring» - endring fiskereglar
- 2022.05.25 INN – SFVFK - Tilbakemelding angående fiskekultivering i Hardangervidda nasjonalpark innanfor Røldal Statsallmenning
- 2022.05.25 UT – Røldal bygdalag – Angående aksjer i Røldal grendahus
- 2022.06.01 INN – FHas – Innkalling styremøte og generalforsamling

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

- 2022.06.01 INN – LYSE - Tildeling midlar frå Kraftspirer våren 2022.
- 2022.06.02 INN – SRVN – Fellingsløyver 2022
- 2022.06.03 INN – Statskog - Søknad om uttak av plantemateriell og plassering av aluminiumsrør på Hardangervidda
- 2022.06.03 UT – Statskog – Uttale til søknad om uttak av plantemateriell og plassering av aluminiumsrør på Hardangervidda

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort gjennomgang av meldingslista.

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 34/22: Eventuelt/informasjon hendingar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Planlagt reovering i Eriksbu er ikkje søknadspliktig. Fjellstyret får dei motorferdselsløyva dei har behov for til gjennomføringa.
- Mottatt støtte til utedassen på Ninive frå Sparebankstiftinga Hardanger.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret nyttar høvet til å diskutere organiseringa rundt marknaden.

Vedtak:

Organisering på marknaden

Fjellstyret gjennomfører jaktlotteri:

Premiar vert: Jaktkortpakke, gavekort på Jerven (kr 2000) og Jetboil. Andrè kjøper inn.

Det vert Bildekonkurransse:

To like premiar (Fiskekort/real turmat). 1 til vinnar (trekker om fleire) og 1 til vilkårleg deltakar.

Ellers sal av fiskekort på gamlemåten. Det vert utdeling av fellingsløyver på reinsdyr. Alle som hentar korta i løpet av marknaden får eit gratis eksemplar av Villreinen.

Samrøystes.

Sak 35/22: Langtidsleige av stølshus

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret greidde ikkje lande noko vedtak i sak 24/22. Sakshandsamar fekk nokre føringar på kva rammer som skal gjelde ved ei tildeling. Desse er inkludert i oppsummeringa under:

Ståvassvikja:

- Fjellstyret ynskjer at denne stølen vert omdefinert til fjellstyrehytte.
- I henhold til innspel på allmannamøtet ynskjer ein å halde alle moglegheitane opne for framtida. Ein vil soleis berre tilby leigekontrakt for kortare periodar (under 5 år).
- Det må vera forståing frå leigetakar om at ein ved ei eventuell ny utlysing vert vedkomande stilt bakerst i køen.
- Som ein konsekvens av dei korte leigekontraktane, vil fjellstyret sine krav til renoveringsarbeid vera små.
 - o Forslag om å prioritere å setje opp utedass, samt sikre/rydde eldhus/steinbu, og rydde rundt hytta elles.
- Leigetakar får innvilga maksimum tre scooterturar til hytta. Ytterlegare køyring må avtalast spesielt med fjellstyret. Leiar får fullmakt.
- Leigeprisen vert kr 0. Fjellstyret betalar forsikring.
- Jakt og fiskeretten er ikkje inkludert i leiga.

Ulevåbotn:

- Hytta vert utleigd i ein lenger periode (10-15 år).
- Leigetakar får klausul om at kontrakten kan overførast til livsarving.
- Fjellstyret stiller krav til at det vert gjennomført ei skikkeleg renovering av hytta utvendig. Omfang og fordeling vert avtala nærar mellom leigetakar og fjellstyret.
 - o Leigeprisen vert kr 0. Fjellstyret betalar forsikringa.
- Jakt og fiskeretten er ikkje inkludert i leiga.

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret byrjar prosessen med å omregulere Ståvassvikja til fjellstyrehytte.

Referat:

Fjellstyret tar opp att diskusjonen rundt hyttene.

Ulevåbotn:

Det kjem forslag om at situasjonen i vil verte betydeleg enklare om ein gjekk for ei løysing kor fjellstyret kostar den utvendige renoveringa, mot høgare utleigepris. Det vert peika på at dette opnar for at fjellstyret kan søkje om økonomisk støtte til renoveringa. Fjellstyret samlar seg om forslaget.

Ståvassvikja:

Framleis uklart kva ein ynskjer å gjere med stølen. Det føl av lovverket at ein ikkje kan leige ut landbrukseigedom o.l. i meir enn 10 år. Fjellstyret samlar seg om løysing kor ein i denne omgang

tilbyr leigekontrakt på 4 år. Det vert ein føresetnad at utleige på båe hyttene no skal gå på rundgang mellom dei i bygda som er interesserte. Utleigesum, eventuelt forventa utbetringar av stølen vert nærare avtalt med leigetakar seinare.

Vedtak:

Leigekontraktar vert utforma med følgjande vilkår:

Ulevåbotn:

- Fjellstyret gjev NÅS tilbod om leigekontrakt.
- Leigekontrakten vert på 10 år.
- Fjellstyret dekkjer dei utvendige renoveringsutgiftene, inntil kr 300 000.
- Fjellstyret søker støtte via diverse stiftingar.
- Forslag om årleg leiga på kr 18000. Indeksregulert etter 5. år.
- Fjellstyret dekkjer forsikring.
- Punkt som understreker at leigetakar stiller bakerst i køen ved neste utlysning
- Leigetakar har ansvar for vedlikehald av bygningsmasse og veg.

Ståvassvikja:

- Fjellstyret gjev NOH tilbod om leigekontrakt.
- Leigekontrakten vert på 4 år.
- Punkt som understreker at leigetakar stiller bakerst i køen ved neste utlysning.
- Forslag om årleg leiga på kr 18000. Eventuelt utbetringar etter nærare avtale.
- Fjellstyret dekkjer forsikring.
- Leigetakar har ansvar for vedlikehald av bygningsmasse.

Leiar/sekretær får fullmakt til å utforme kontrakt ut frå vilkåra.
Samrøystes.

Sak 36/22: Søknadar om støtte

Saksdokument:

- 2022.05.13 INN – Røldal Grendahus - Fibernett: kostnadsdeling av installasjon og bruk
- 2022.05.15 INN – RIL - Søknad om støtte til treningstilbud

Saksutgreiing:

Fjellstyret har mottatt ein søknad frå Røldal Idrettslag angående trimrom, samt ein førespurnad frå Røldal Grendahus om kostandsdeling til etablering av fibernett (samt driftsutgifter). Sjølv om fjellstyret er medeigar i Grendahuset, kan underteikna likevel ikkje sjå at det er naturleg at fjellstyret skal vera med å betale «driftsutgiftene» til grendahuset. Underteikna vel soleis å behandle også dette som ein førespurnad om støtte.

I samband med inntektene frå Røldal Eigedomsselskap har fjellstyret fått tilbakemelding frå Statskor, kor det kom fram at ein kan dele ut midlar til (fleire ulike) allmennyttig formål

utover ramma på kr 20 000. Fjellstyret må i så tilfelle søkje til Statskog om dette, kor Statskog ynskjer ein søknad med oversikt over dei aktuelle tildelingane.

Tor Helge ynskjer at ein del av inntektene frå Eigedomsselskapet vert brukt på eit synleg tiltak i bygda (medan den resterande delen vert øyremerka renoveringa av Eriksbu). Installering av fibernett på Røldal Grendahus er eit positivt tiltak som kjem heile bygda til gode.

Tor Helge er inhabil i drøftinga rundt Røldal Idrettslag sin søknad om støtte til trimrom.

Framlegg til vedtak:

- Røldal Fjellstyre støttar Røldal Grendahus med kr 2000 til installering av fibernett.

Referat:

Røldal grendahus:

Kort diskusjon om førespurnad om støtte frå Grendahuset. Fjellstyre anser dette som eit allmennyttig formål. Det er uklart for fjellstyret kva kostnaden vert for installeringa. Tor Helge informerte om andre pågåande prosjekt i Grendahuset, t.d. ny foldevegg og nytt lydanlegg.

Røldal Idrettslag:

Tor Helge var allereie sjølverklært inhabil.

Andrè informerte om styreverv i Idrettslaget, og ynskja også å vere inhabil. Fjellstyret støtta dette. Styret var soleis ikkje vedtaksfør i denne saka.

Vedtak:

- Røldal Fjellstyre støttar Røldal Grendahus med kr 5000 til installering av fibernett/lydanlegg. Fjellstyret bidrar ikkje med driftsstøtte.
- Søknad om støtte til Røldal Idrettslag vert utsett til neste styremøte.

Sak 37/22: Innspel til styremøte i FHas

Saksdokument:

- 2022.06.01 - Innkalling Styremøte og generalforsamling i Fjellstyrene på Hardangervidda

Saksutgreiing:

Tor Helge skal i møte i FHas tysdag 14. juni i Odda. Basert på innspel på styremøtet i Eidfjord, og Røldal sitt skriftlege innspel, er det kome utkast til ny samarbeidsavtale med FHas.

Frist til å signere avtalen er foreslått til 25. oktober, noko som medfører at fjellstyret bør få lande eit tilfredstillande utkast snarast.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret går gjennom avtalen punkt for punkt.

Vedtak:

Leiar får fullmakt til å presentere Røldal fjellstyre sine standpunkt og innspel.

Sak 38/22: Revidering fiskereglar – Røldal Statsallmenning

Saksutgreiing:

Arbeidet med driftsplanen for fiske i nasjonalparken har gjort det openbart at den førre endringa av fiskereglane ikkje var omfattande nok. I all hovudsak skuldast dette at ein i løpet av arbeidet fekk tilgang til tidlegare prøvefiskerapportar, og ein oversikt over anbefalingane frå desse. I tillegg har ein sjølv sagt gjennom arbeidet fått betre innsikt i kva kultiveringsutfordringar ein har rundt om i statsallmenninga.

Det har vore viktig for underteikna å forsøkje å halde reglane så enkle som mogleg, då tilbakemeldingar visar at dette ikkje alltid har vore tilfelle.

Fiskereglane presentert i framlegget til vedtak har, saman med driftsplanen, vorte kvalitetssikra av fiskekyndig personell.

Ein vel i desse fiskereglane å nemne dei nye «fiskeovergongsavtalane» våre, slik at all informasjonen angåande fiske er skal vera samla på same staden.

Fiskereglane vart sendt ut på «høyring» til dei innanbygdsbuande som er på maillista til fjellstyre. Det kom ingen tilbakemeldingar på desse.

Framlegg til vedtak:

Fiskereglar for Røldal statsallmenning:

Generelle reglar:

1. Alle over 16 år må løyse fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytte anna fiskereiskap enn handsnøre, stang, garn, oter eller liknande. Line og ståkrok er forbode. Bruk av garn og oter er eksklusivt for innanbygdsbuande.
3. Alt fiske er tillate heile året.

4. Det er ikkje lovleg å sette garn nærare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekker eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Garna skal ha ei maskevidde som er større eller lik 39 mm (16 omfar) mellom knutane når garnet er vått, unnateke i vatn nemnd i spesielle reglar.
6. Det er tillate å fiske med inntil 5 garn, unnateke vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydeleg merka med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vere lett synlege. I dei tilfella at fjellstyret har lagt til rette for at brukarane kan nytte garn som er fjellstyrets eigedom, skal desse vere merka Røldal fjellstyre. Leigetakarar av stølar som har fått løyve til å fiske, skal merke garna med namnet på beitelaget eller stølen.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Stora Uravatnet, Ostanuttjødna, Purvatjødna, Votna, Ståvatnet, Ulevåvatnet, Skurevatnet og Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskarane til å i hovudsak sette småmaska garn (26mm/24 omfar eller mindre) i desse vatna.
2. I Vetla Uravatnet er maks tal på garn pr. fiskar 10 stk. Det er fri maskevidde.
3. For grensevatna Stora Uravatnet, Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet gjeld fiskekortet i heile vatnet. I Nedre Hedlevatn gjeld fiskekortet også på Berunuten Vest/Vinje kommune sin del av vatnet. I alle andre grensevatn gjeld fiskekortet berre på den delen av vatnet som ligg på Røldal statsallmenning.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjeld dette også for fiske med handsnøre, stang, oter eller liknande.
5. Garnfiskekort for utanbygds på Statskog sin eigedom i Votna: Fiskar kan nytte 5 garn pr. døgn. Det er fri maskevidde. Kortet gjeld også for stongfiske (i alle vatn og elvar på Røldal statsallmenning) og oter (i Votna, på same areal som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarende tidsrom.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §28-30. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknader til vedtaket.

Referat:

Tilbakemelding frå Ullensvang FS angående punkt 2 i spesielle reglar. Bør formulerast:

- *Inntil 10 garn med fri maskevidde, og i tillegg 5 garn med maks maskevidde 26 mm*

Fjellstyret endrar reglane i henhold til dette innspelet.

Vedtak:

Fiskereglar for Røldal statsallmenning:

Generelle reglar:

1. Alle over 16 år må løyse fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytte anna fiskereiskap enn handsnøre, stang, garn, oter eller liknande. Line og ståkrok er forbode. Bruk av garn og oter er eksklusivt for innanbygdsbuande.
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Det er ikkje lovleg å sette garn nærare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekker eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Garna skal ha ei maskevidde som er større eller lik 39 mm (16 omfar) mellom knutane når garnet er vått, unnateke i vatn nemnd i spesielle reglar.
6. Det er tillate å fiske med inntil 5 garn, unnateke vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydeleg merka med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vere lett synlege. I dei tilfella at fjellstyret har lagt til rette for at brukarane kan nytte garn som er fjellstyrets eigedom, skal desse vere merka Røldal fjellstyre. Leigetakarar av stølar som har fått løyve til å fiske, skal merke garna med namnet på beitelaget eller stølen.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Stora Uravatnet, Ostanuttjødna, Purvatjødna, Votna, Ståvatnet, Ulevåvatnet, Skurevatnet og Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskarane til å i hovudsak sette småmaska garn (26mm/24 omfar eller mindre) i desse vatna.
2. Inntil 10 garn med fri maskevidde, og i tillegg 5 garn med maks maskevidde 26 mm/24 omfar.
3. For grensevatna Stora Uravatnet, Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet gjeld fiskekortet i heile vatnet. I Nedre Hedlevatn gjeld fiskekortet også på Berunuten Vest/Vinje kommune sin del av vatnet. I alle andre grensevatn gjeld fiskekortet berre på den delen av vatnet som ligg på Røldal statsallmenning.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjeld dette også for fiske med handsnøre, stang, oter eller liknande.
5. Garnfiskekort for utanbygds på Statskog sin eigedom i Votna: Fiskar kan nytte 5 garn pr. døgn. Det er fri maskevidde. Kortet gjeld også for stongfiske (i alle vatn og elvar på Røldal statsallmenning) og oter (i Votna, på same areal som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarande tidsrom.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §28-30. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknader til vedtaket.

Sak 39/22: Godkjenning av driftsplan for fisket i Hardangervidda NP

Saksdokument:

- Driftsplan for fisket i Røldal statsallmenning 2022 – 2030 - innanfor Hardangervidda nasjonalpark

Saksutgreiing:

Underteikna har arbeid med vedlagt dokument i godt over eit år no. Det har vorte gjennomført nokre prøvefisker, og samla inn ein del informasjon frå tidlegare fjellstyremedlemmer og lokale fiskarar. Dokumentet skal no gje ei grundig oversikt over statusen til fisket i Røldal statsallmenning sin del av Hardangervidda nasjonalpark. Hensikten med dokumentet er å belyse kva kultiveringsutfordringar ein har i statsallmenninga, og korleis ein vel å

forhalde seg til desse. For Røldal fjellstyre sin del, så er det særst viktig å få dette dokumentet på plass, slik at får løyve til å fortsette med fiskeutsetting.

Fjellstyret sendt dokumentet til gjennomlesing av Statsforvaltaren, og har fått følgjande tilbakemelding:

Driftsplanen dykkar er etter vårt syn eit gjennomarbeida og godt dokument, og eit godt utgangspunkt for å søkje om utsetting av fisk. To av vatna kan ha verdi for dykkender, Holmavatnet og Vassdalsvatnet, og vi ønskjer å få undersøkt dette i år før ev søknad om utsetting vert vurdert.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre godkjenner «Driftsplan for fisket i Røldal statsallmenning 2022 – 2030 - innanfor Hardangervidda nasjonalpark»

Leiar får fullmakt til å søkje om løyve til å fiskeutsetting i henhold til driftsplanen. Med forbehold om løyve frå Statsforvaltaren, og ledig kapasitet på klekkeriet, set fjellstyret ut fisk i Steggjavotnane i 2022.

Referat:

Driftsplanen var sendt ut tidlegare. Det kjem ingen endringsforslag. Fiskereglane vert oppdatert i henhold til vedtak i sak 38/22.

Vedtak:

Røldal fjellstyre godkjenner «Driftsplan for fisket i Røldal statsallmenning 2022 – 2030 - innanfor Hardangervidda nasjonalpark»

Leiar får fullmakt til å søkje om løyve til å fiskeutsetting i henhold til driftsplanen. Med forbehold om løyve frå Statsforvaltaren, og ledig kapasitet på klekkeriet, set fjellstyret ut fisk i Steggjavotnane i 2022.

Sak 40/22: Uttale - uttak av platemateriell og plassering av aluminiumsrøyr

Saksdokument:

- 2022.06.03 INN – Statskog - Søknad om uttak av plantemateriell og plassering av aluminiumsrør på Hardangervidda

Saksutgreiing:

Fjellstyret er bed om uttale til søknad frå NINA angående uttak av plantemateriell og plassering av aluminiumsrøyr på Røldal statsallmenning. Det vert søkt om to plasseringar, ein i Hedlevass, i bakkane opp mot Buanuten, og ein mellom Holemsjøen, Sandflåeggja og Nupseggja.

Følgjande kjem fram i søknaden:

Norsk institutt for naturforskning skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre kartlegging i forbindelse med det nasjonale overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking (ANO). Programmet samler blant annet inn data på viktige indikatorer for fagsystem for økologisk tilstand. Overvåkingsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsiktige endringer i norsk natur.

Overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge, valgt fra SSBs rutenettverk med 500x500 meter flater. I hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes hvert femte år. På hver av de 18 punktene i en ANO-flate registreres vegetasjon i en 250 m² sirkel og en kvadratmeterrute i midten av sirkelen. Siden ANO er et langsiktig overvåkingsprosjekt, så merkes kvadratmeterruta med to fastmerker for å gjøre det mulig å finne tilbake til eksakt samme rute fem år senere.

Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i forbindelse med merking av analyseruter, til sammen 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate. Fastmerkene som benyttes er aluminiumsrør med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Merkene blir satt helt ned i jorda, slik at de er svært lite synlige. Dersom punktene havner på stein eller annet materiale som er uegnet for fastmerking, blir punktene kun merket på GPS. Når prosjektet avsluttes, vil alle fastmerker fjernes.

I tillegg kan det bli aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale til belegg for artsbestemmelse. Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juli-september i sesongene 2022 og 2024. All ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med friluftslovens regler om ferdsel og god ferdselskultur.

Leiar si uttale til tiltaket føl i framlegget til vedtak.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ser at dei to «inngrepa» vil ha ulik innverknad på bruksretten vår:

Plassering 1:

Hedlevass: ANO-flate 221: koordinater til flatens midtpunkt: X: 66250, Y: 6676250

Ligg i umiddelbar nærleik av turistveg, turisthytte osv.. Underteikna vurderar det soleis slik at tiltaket ikkje vil føre til ytterlegare «belastning» i området. Fjellstyret har ingen merknadar til dette tiltaket.

Plassering 2:

Sandfloeggja: ANO-flate 1150: koordinater til flatens midtpunkt: X: 62250, 6669250

Fjellstyret gjer merksam på at plasseringa er uheldig då dette er habitatområdet til reinsdyr.

Området er flittig brukt, spesielt i sommarmånadane, og er viktig område kor reinsdyra har tilgang på snøfenner og nye beiter.

Fjellstyret kan ikkje forstå at tiltaket i seg sjølv skal vera til sjenanse for reinsdyra. Problemet vil utelukkande vera personane som gjennomfører det.

Det er innført teltforbod i området for reinsdyrjegerar

(<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1987-11-06-897>). Feltmannskapet vil ikkje verte berørt av denne forskrifta (då dei ikkje er reinsjegerar), men fjellstyret veit likevel at telting i området vil verte oppfatta negativt av jegarane.

Eit «gjennomføringsintervall» på 5 år vert rekna som akseptabelt, og ein kan soleis også gjennomføre tiltaket ved «plassering 2». Om det er mogleg, ber fjellstyret om at ein for «plassering 2», ikkje gjennomfører noko feltarbeid før etter 28. august dei aktuelle åra. Dette slik

at ein ikkje uroar reinsdyra i løpet av dei viktige sommarmånadane. Ein vil samtidig unngå konflikt med reinsjegerar, då jaktstart vanlegvis er 20. august.

Referat:

Leiar hadde allereie gjeve tilbakemelding til Statskog i henhold til framlegget til vedtak. Det kom ingen motsegner mot dette.

Vedtak:

Fjellstyret samlar seg bak framlegget til vedtak.